

**Overordna strategiske tiltak**

Målsetting	Tiltak	Ansvar	Tidspunkt for gjennomføring
Sikre godt samarbeid mellom dei regionale beredskapsaktørane og oppretthalde etablerte samhandlingsaktivitetar	Arrangere minimum eit fysisk møte for Fylkesberedskapsrådet i året	Statsforvaltaren	Årleg
	Felles evaluering av samvirke etter større øvingar og hendingar	Statsforvaltaren Fylkesberedskapsrådet	Kontinuerleg
	Årleg sivil-militært kontaktmøte for landsdelen	Statsforvaltaren (<i>ansvaret rullerer mellom Statsforvaltaren i Vestland, Rogaland og Agder</i>)	Årleg
Bidra til å auke evna til god krise- og risikokommunikasjon ved uønskete hendingar	Mediehandteringskurs for ordførarar etter kommuneval	Statsforvaltaren	Våren 2024
	Særleg merksemd på krisekommunikasjon under øvingar og ved evaluering etter øving og hendingar	Statsforvaltaren Kommunane Alle beredskapsaktørar	Kontinuerleg
	Sikre at innbyggjarane veit korleis og kvar dei kan få informasjon ved bortfall av elektronisk kommunikasjon	Kommunane	Kontinuerleg
	Sikre rutinar og planverk for bruk av Nødnett	Kommunane	Kontinuerleg
	Vere pådrivar for at fleire aktørar tek i bruk Nødnett og trenar på bruk av samvirketalegrupper	Statsforvaltaren	Kontinuerleg
Auke kompetansen om totalforsvaret	Arbeide med å samordne militært og sivilt beredskapsplanverk	Regionalt sivil-militært samvirkeforum	Kontinuerleg



	Øving for kommunane med totalforsvaret som tema		Mai 2023
	Tydeleggjere forventingar til kommunane sitt arbeid med beredskapsplanlegging knytt til totalforsvaret	Statsforvaltaren i samråd med regionalt sivil-militært samvirkeforum	Kontinuerleg
Styrke oppfølginga av kommunanes arbeid med samfunnstryggleik	Rettleie kommunane i arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, t.d. i arbeidet med heilskaplege ROS-analyser	Statsforvaltaren	Kontinuerleg
	Gjennomføre tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap i kommunane	Statsforvaltaren (beredskapsseksjonen og helseavdelinga)	Kontinuerleg
	Gjennomføre øving med kommunane i fylket kvart 4. år. Aktuelle øvingstema: • Tryggleikspolitisk krise • Digitale angrep • Ekstremvêr • Evakuering og oppretting av EPS • Straumbrot	Statsforvaltaren	Kontinuerleg
	Avgjere behov for kommunale system og rutinar for befolkningsvarsling per SMS på fleire språk	Kommunane	Pågåande diskusjon
	Etablere rutinar og øve samvirke mellom politiet og kriseleiinga i alle kommunar ved større uønskte hendingar	Vest politidistrikt (i samarbeid med Alarmsentralen og AMK)	Kontinuerleg
Auke befolkningas eigenberedskap	Deltaking i eigenberedskapsveka som gjennomførast i regi av DSB kvar haust	Statsforvaltaren Sivilforsvaret Kommunane	Kontinuerleg

**Naturhendingar**

Målsetting	Tiltak	Ansvar	Tidspunkt for gjennomføring
Bidra med informasjon og rettleiing om klimaendringar og klimatilpassing	Utarbeide scenariovedlegg til FylkesROS om ekstremvêr. Scenarioet bør inkludere ei vurdering av konsekvensane klimaendringane har for eksisterande og ny infrastruktur t.d. i transportsektoren.	Statsforvaltaren (i samarbeid med NVE, kommunar, fylkeskommunen og andre beredskapsaktørar)	Kontinuerleg
Oppfølging av risikoobjekt for fjellskred	For kvart høgrisikoobjekt og middels høgrisikoobjekt skal det etablerast eit beredskapssystem, med rutinar for planrevisjon, øvingar, informasjonsdeling og fagsamlingar. Statsforvaltaren har eit særleg ansvar for at desse rutinane vert følgt opp. Nasjonal beredskapsplan for fjellskred gir tydelege føringar for korleis høgrisikoobjekt skal følgjast opp.	Statsforvaltaren Aurland kommune Eidfjord kommune Ullensvang kommune NVE	Kontinuerleg
	Hovedaktørane bør minimum kvart fjerde år øve heile beredskapskjeden, frå varslings til evakuering. Mindre varslingsøvingar bør gjennomførast kvart år. Nøkkelaktørane bør i tillegg ha årlege samlingar med diskusjonsøvingar og fagleg oppdatering.	Statsforvaltaren Aurland kommune Eidfjord kommune Ullensvang kommune NVE	Etter rutinar for planrevisjon, øvingar, informasjonsdeling og fagsamlingar for det enkelte objekt



Auke regional kompetanse om (handtering av) skogbrann	Bruk av industrivernet som støtteresurs ved terreng-brannar ved stort spreingspotensiale	Brann- og redningsvesena i samarbeid med Vest brann- og redningsregion	Kontinuerleg
	Øve på leiarnivå/strategisk nivå på handtering av store brannar	Brann- og redningsvesena i samarbeid med Vest brann- og redningsregion, Vest politidistrikt og Helse Bergen	Kontinuerleg
Auke kunnskapen om miljø, ureiningstypar og effektar av ulike beredskapstiltak mot akutt ureining frå sjøtransport	Orientering om status og utfordringar rundt ureining på sjøen for fylkesberedskapsrådet	Kystverket for fylkesberedskapsrådet Statsforvaltaren	Kontinuerleg
Vidareutvikling av risikoområdet jordskjelv	NORSAR har utvikla eit rammeverk for å vurdere primær- og sekundæreffektar knytt til jordskjelvfare i Noreg. Dette rammeverket kan nyttast til å utarbeide ein jordskjelv-ROS-analyse for Vestland fylke	Statsforvaltaren, i samarbeid med NORSAR og aktuelle kommunar	Første møte juni 2023 Startar ev. oppfølging i 2024

Helsehendingar

Målsetting	Tiltak	Ansvar	Tidspunkt for gjennomføring
Bidra til god helseberedskap i kommunane	Gjennom tilsyn og rettleiing følgje opp arbeidet med helseberedskap i kommunane	Statsforvaltaren	Kontinuerleg



	(m.a. planar for helsemessig og sosial beredskap og pandemiplanar)		
Auke kunnskapen om CBRNE	Oppdatere framlegg om Risikoar knytt til kjemikaliar og eksplosiv som Statsforvaltaren utarbeidde saman med fleire aktørar i 2020	Statsforvaltaren	Kontinuerleg
	Fagdag i Sunnfjord for beredskapsaktørar på hovudsakleg taktisk nivå i naudetatane for å auke den regionale kompetansen	Statsforvaltaren	Hausten 2023
	Rettleie kommunane i arbeidet med beredskap mot atomhendingar, m.a. i heilskapleg ROS-analyse	Statsforvaltaren	Kontinuerleg
Redusere risikoen for storulukkehendingar gjennom kartlegging av risiko	Rettleie kommunane i arbeidet med å sikre at verksemdar som endrar produksjon slik at dei oppbevarer og nyttar farlege stoff vert fanga opp i samband med arealplanlegging	Statsforvaltaren Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Kontinuerleg

Transport- og forsyningstryggleik

Målsetting	Tiltak	Ansvar	Tidspunkt for gjennomføring
Sikre gode rutinar innan fylkeskommunal transportberedskap	Kartlegge behovet for transportberedskap i fylket i krise og krig, t.d. gjennom øving Bjørgvin	Fylkeskommunen Heimevernet	Kontinuerleg September 2023
	Utarbeide krise- og beredskapsplanar etter forskrift om sivil transportberedskap	Fylkeskommunen	Tema under møte i Fylkesberedskapsrådet juni 2023



Auke matvareberedskapen i regionalt landbruk i Vestland	Utvikle kunnskapen om matproduksjon gjennom samarbeid på tvers mellom offentlege aktørar, organisasjonar, næringa og forskning om mattryggleik i Vestland	Landbruksdirektoratet Mattilsynet Statsforvaltaren Kommunane	Kontinuerleg
	Sikre god arealforvaltning av matjord gjennom planverk og rettleiing	Kommunane Statsforvaltaren	Kontinuerleg
	Oppdatere tiltakskort for atomulykker, skogbrann, smittsame dyresjukdomar og plantesjukdomar	Statsforvaltaren	Kontinuerleg
Bidra til at beredskapsaktørar er budd på å handtere straumbrot/svikt i elektronisk kommunikasjon (ekom)	Sjå på kapasitet til å gjenopprette viktige tenester hjå mobil- og breibandsleverandørane	Alle beredskapsaktørar	Kontinuerleg
	Ha planverk for å handtere bortfall av straum/fiber/nett for mobildata.	Alle beredskapsaktørar	Kontinuerleg
	Ha planverk for å handtere svikt i ekom hjå aktørar med viktige samfunnsfunksjonar	Statsforvaltaren Fylkesberedskapsrådet	Kontinuerleg
	Innarbeide i beredskapsplanverk rutinar for alternative kommunikasjonskanalar for å nå ut til befolkninga, m.a. tilgang til satellitttelefon og ev. analogt samband	Kommunane	Kontinuerleg
Auke kompetanse om forsyningstryggleik og vere budd på ei eventuell kraftrasjonering	Halde Fylkesberedskapsrådet og kommunane oppdatert om status for kraft- og forsyningsutfordringar og aktuelle tiltak	Kraftforsyningas beredskapsorganisasjon Statsforvaltaren	Kontinuerleg



	Oppdatere prioriteringslister for kraftrasjonering	Statsforvaltaren Kraftforsyningas beredskapsorganisasjon Nettselskapa	Kontinuerleg (Våren 2023)
--	--	--	---------------------------

Tilsikta hendingar

Målsetting	Tiltak	Ansvar	Tidspunkt for gjennomføring
Auke kunnskap om radikaliseringsprosessar og handtering av hendingar relatert til pågåande livstruande vald	Auke kunnskap hjå skular, NAV og privatpersonar om radikaliseringsprosessar og korleis sende bekymringsmeldingar	Kommunane Fylkeskommunen Politiet	Kontinuerleg
	Oppfølging av kommunanes planlegging for handtering av hendingar relatert til pågåande livstruande vald gjennom t.d. tilsyn	Statsforvaltaren	Kontinuerleg
Auke kompetanse om digital tryggleik i kommunane	Setje i verk «Nasjonal sikkerhetsmyndighets (NSM) grunnprinsipper for sikkerhetsstyring og IKT-sikkerhet».	Alle beredskapsaktørar	Kontinuerleg
	Få oversikt over avhengigheiter og sårbarheiter knytt til IKT-tryggleik.	Alle beredskapsaktørar	Kontinuerleg
	Holde seg oppdatert på veiledere og rapportar frå nasjonale styringsmynde eller andre aktuelle aktørar.	Alle beredskapsaktørar	